



Den aktive skigruppa i UIL då dei innleia sesongen med samling på Voss i november.

**Førstkommande søndag, 15.01., er det klart for det første karusellrennet i langrenn denne sesongen. Rennet går i klassisk stil i Fjellhaugen skisenter, og det er Uskedal idrettslag som er arrangør. Sjølv om det har vore regnfullt og mildt siste dagane, er det godt håp om flotte forhold på søndag då vermeldingane lovar snunad i veret.**

Etter at det var bra treningsforhold i skisenteret, har mildveret og regnet siste dagane gjort at det vart meldt frå Fjellhaugen skisenter i går om at det berre var is att i lysløypa. No går det truleg mot betre tider! Vermeldingane lovar godt med påfyll av snø utover dagen i dag og i morgon. Til helga er det meldt strålende ver så dersom vermeldingane til yr slår til, vil det kunna verta ein retteleg flott dag i Fjellhaugen søndag. Som vanleg vert det arrangert barneskirenn i forkant av det ordinære karusellrennet.

Meir informasjon og påmelding finn de [HER](#).

Terminlista for renna som skal arrangerast her i Kvinnherad er no klar, og det er planlagt følgjande renn i sesongen:

Søndag 15/1 Karusellrenn klassisk, (UIL) , Fjellhaugen  
 Søndag 5/2 Skibytte kl-fri(kl), (RTL), Fjellhaugen  
 Laurdag 11/2 Kvinnheradrennet, fristil, (TIL), Tveitedalen  
 Søndag 19/2 Telenorrennet, fristil (UIL), Fjellhaugen  
 Søndag 12/3 Kvh. mesterskap klassisk, (TIL/OIL), Tveitedalen  
 Torsdag 16/3 Kvhm. Stafett kl-fri-fri, (OIL), Fjellhaugen

Skirenn 11/2 er eit kombinert karusellrenn og kretsrenn

Så er det berre å kryssa fingrane slik at dei aktive skientuastane får flotte forhold til å avvikla dei planlagde arrangementa. Då kan det verta nokre flotte dagar i Fjellhaugen og Tveitedalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Knut Johannes Ripel.